



## STORTINGET

# Innst. 446 S

(2022–2023)

Innstilling til Stortinget  
fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Dokument 8:220 S (2022–2023)

**Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantane Birgit Oline Kjerstad, Grete Wold og Ingrid Fiskaa om marine grunnkart i kystsona**

Til Stortinget

## Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringa om å setje fart på arbeidet med å lage marine grunnkart for alle norske fjordar og kystområde innafor grunnlinja.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslaget.

## Komiteens behandling

Komiteen har i brev av 13. april 2023 til Kommunal- og distriktsdepartementet ved statsråd Sigbjørn Gjelsvik bedt om en vurdering av forslaget. Uttalelsen fra statsråden følger av vedlagte brev av 28. april 2023.

Komiteen har invitert til og mottatt skriftlige høringsinnspill.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Rune Støstad, Siri Gåsemyr

Staalesen, Terje Sørvik og lederen Lene Vågslid, fra Høyre, Mudassar Kapur, Anne Kristine Linnestad og Mari Holm Lønseth, fra Senterpartiet, Heidi Greni, Kathrine Kleveland og Kari Mette Prestrud, fra Fremskrittspartiet, Helge André Njåstad og Erlend Wiborg, fra Sosialistisk Venstreparti, Birgit Oline Kjerstad, og fra Rødt, Tobias Drevland Lund, viser til Representantforslag 220 S (2022–2023), der stortingsrepresentantene Birgit Oline Kjerstad, Grete Wold og Ingrid Fiskaa fremmer forslag om å be regjeringen sette fart på arbeidet med å lage marine grunnkart for alle norske fjorder og kystområder innenfor grunnlinja. Komiteen har mottatt skriftlige høringsinnspill. Komiteen viser til svarbrev fra statsråden av 28. april 2023, der han skriver at marine grunnkart er et godt verktøy for både miljøovervåking og som en fremtidsrettet næring langs kysten. Et pilotprosjekt ble gjennomført i 2020–2022 med spennende resultat, med nøyaktige og sammenstilte data for Stavanger, Ålesund/Giske og Skjervøy/Kvæningen. Synergieffektene mellom tre ulike etater er av særlig interesse. Statsråden skriver videre at han følger effektene av pilotprosjektet nøye og har dialog med andre relevante departementer for å se hva som er rett vei videre.

Komiteen viser til at regjeringen Solberg satte i gang et pilotprosjekt for kartlegging av marine grunnkart for kystområdene i Stavanger, Ålesund/Giske og Skjervøy/Kvæningen i 2019, og det ble gjennomført i perioden 2020–2022. Pilotprosjektet ble finansiert på tvers av flere departementer, kommuner og fylkeskommuner. Komiteen mener det er viktig med gode marine grunnkart, og at dette har stor betydning for kystnære havområder og havneinfrastruktur. Komiteen vi-

ser vidare til at marine grunnkart vil kunne være avgjørende for fiskeriene langs hele norskekysten og i alle kystområder for fremtidig miljøovervåking og for effektivt og bærekraftig fiskeri.

Komiteen viser til at arbeidet med å kartlegge kystområdene bør gjøres gjennom en prioritert liste over hva som skal kartlegges når, i tett samarbeid mellom de berørte kommuner, fylkeskommuner, fagmiljøer og departementer.

Medlemene i komiteen frå Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti og Raudt legg til grunn omtalen av pilotprosjektet Marine grunnkart i kystsona i Prop. 1 S (2022–2023) s. 196, der departementet seier at den samla økonomiske ramma for pilotprosjektet Marine grunnkart i kystsona er rekna for å vere langt lågare enn dei samfunnsøkonomiske gevinstane. Når departementet er så tydeleg på at marine grunnkart i kystsona vil løne seg å gjennomføre, meiner desse medlemene at ein ikkje bør vente, men nytte den kompetansen som er bygd opp i prosjektperioden til å sette i gang vidare arbeid.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Raudt legg til grunn at Noreg har skrive under Naturavtalen i Montreal, der det er sett mål om 100 pst. berekraftig bruk og forvaltning av natur, både i havet og på land. Naturpanelet til FN slår fast at den viktigaste årsaka til tap av biologisk mangfald er arealbruksendring, samtidig er samfunnet avhengig av å bruke hav og kyst til ulike typar næringsverksemd. Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet har mykje kunnskap om dei kommersielt utnyttta fiskebestandane, men mykje av naturen i kystfarvatna som er med og dannar grunnlaget for dei store fiskebestandane, er ikkje godt nok kartlagt og forstått. Noregs geologiske undersøking har kartlagt grunnen somme stader, og Miljødirektoratet har samla kunnskap om naturtypar og forureining. Det som må skje, er at dette arbeidet vert vidareutvikla samtidig som kunnskapen må gjerast tilgjengeleg i form av gode kart som kan vere gode verktøy for dei som har bruk for dei, anten det er forvaltninga eller næringsaktørar. Noreg har djupnedata for om lag 37 pst. av sjøareala, medan berre 10 pst. av geologien, og 5 pst. av biologien i kystfarvatna er kartlagt.

Desse medlemene vil peike på at det i dag vert utarbeidd sektorovergripande rettsleg bindande marine arealplanar i norske kommunar, utan at kommunane har tilgang til tilstrekkeleg detaljert kunnskap om geologi, oceanografi, naturtypar og biologiske verdiar i kystsona. Det tverrfaglege pilotprosjektet «Marine grunnkart i kystsona», leia av Kartverket, har avdekt at ein del av det som i dag finst av informasjon i eksisterande kart, ikkje stemmer godt nok med realitetane. Gytefelt kan vere lokaliserte andre stader enn der det er av-

merkt i karta, eller dei kan ha ei anna utbreiing enn ein trudde. Viktige naturtypar som korallrev, taesskog og ålegrasenger er ikkje godt nok kartlagte og avmerkte i dagens kart. Desse medlemene viser til at det er døme på at saker hamnar i retten fordi det vert gjort vedtak om å trekke ein oppdrettskonsesjon etter at han er gitt, fordi ein har oppdaga store korallførekomstar nær lokaliteten i etterkant. Dette syner at dårleg kunnskapsgrunnlag er eit problem både i forvaltninga og for næringsaktørar. Eit godt felles kunnskapsgrunnlag i forkant av avgjerder, slik forvaltningslova § 17 krev, er viktig for effektiv forvaltning og føreseielege rammer for næringsaktørar. Eit betre kunnskapsgrunnlag er nødvendig for å vareta viktige naturtypar og økosystem i tråd med naturavtalen, og eit kunnskapgrunnlag det er felles semje om, vil vere med og dempe konflikhtar i vanskelege planprosessar der bruk og vern står opp mot kvarandre.

Medlemene i komiteen frå Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti og Raudt legg til grunn at det vellukka pilotprosjektet «Marine grunnkart i kystsona» syner at det no er mogleg å få på plass eit heilt anna kunnskapsgrunnlag enn før. Sidan det også er arbeid mykje med brukargrensesnittet for alle som har bruk for kartgrunnlaget, vil marine grunnkart kunne gi raskare og betre avklaringsprosessar i forvaltninga av kystsona. Meir og betre formidla kunnskap om terreng, miljø og oceanografi vil opne for betre planlegging og spare samfunnet for store ressursar. Marine grunnkart vil gi betre avgjerdsstøtte for alle typar planlegging, alt frå kabellegging, fiskeri og havbruk til forvaltning av verneområde.

Desse medlemene legg til grunn at både statsråden og alle dei skriftlege innspela i saka støttar at det er viktig å få på plass marine grunnkart i kystsona.

Desse medlemene viser til høyringssvaret frå Møre og Romsdal fylkeskommune, som skriv at interkommunale prosessar har avdekt eit prekært behov for betre kunnskapsgrunnlag i sjø, og at det er nødvendig med eit spleiselag der staten tek sin del av ansvaret for å få på plass betre kunnskapsgrunnlag enn ein har i dag. Desse medlemene meiner at både høyringsuttalane og det generelle behovet for kunnskapsbasert forvaltning syner at det hastar å få på plass marine grunnkart som ein nødvendig grunnmur for framtidig berekraftig kystsoneforvaltning. Desse medlemene viser til at det er eit sektorovergripande behov for å få på plass marine grunnkart, og at det difor er naturleg at staten tek det overordna ansvaret og kjem med forslag om korleis dette skal finansierast, gjennomførast og korleis data kan delast. Desse medlemene syner til høyringsforslaga som foreslår å bruke noko av inntektene frå havbruksfondet til kartleggingsarbeidet, slik at ein gir tilbake verdi til kystsona og brukarane av denne, i

form av betre kunnskapsgrunnlag og avgjerdsstøtte i arealforvaltninga. Heile det norske samfunnet har nytt godt av dei store verdiane som havet gir, og no er det på tide å bruke litt av desse midlane til å sørge for at kunnskapsgrunnlaget for kystsoneforvaltning vert løfta opp på eit nytt nivå.

Desse medlemene fremjar difor dette forslaget:

«Stortinget ber regjeringa leggje fram ein plan for gjennomføring og modell for finansiering av marine grunnkart i kystsona i samband med statsbudsjettet for 2024.»

Komiteen fremmer dette forslaget:

«Stortinget ber regjeringa setje fart på arbeidet med å lage marine grunnkart for alle norske fjordar og kystområde innafør grunnlinja.»

## Forslag fra mindretall

**Forslag fra Fremskrittspartiet, Sosialistisk Venstreparti og Rødt:**

*Forslag 1*

Stortinget ber regjeringa leggje fram ein plan for gjennomføring og modell for finansiering av marine grunnkart i kystsona i samband med statsbudsjettet for 2024.

## Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre følgende

**vedtak:**

Stortinget ber regjeringa setje fart på arbeidet med å lage marine grunnkart for alle norske fjordar og kystområde innafør grunnlinja.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 23. mai 2023

**Lene Vågslid**

leder

**Siri Gåsemyr Staalesen**

ordfører



*Statsråden*

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/2110-5

28. april 2023

## **Vedrørende representantforslag 220 S fra Birgit Oline Kjerstad, Grete Wold og Ingrid Fiskaa om marine grunnkart i kystsona**

Eg vil takka representantane Birgit Oline Kjerstad, Grete Wold og Ingrid Fiskaa, for spørsmål om eit viktig tema.

Marine grunnkart er eit godt verktøy for så vel betre miljøovervaking, som ei framtidretta næring langs kysten. Pilotprosjektet som blei gjennomført i 2020-2022 ga spennande resultat, med nøyaktige og samanstilte data for Stavanger, Ålesund/Giske og Skjervøy/Kvæningen.

Pilotprosjektet synte korleis tre ulike etatar saman fann fram til løysingar og testa ut teknologi. Dei arbeidde i lag på nye måtar, utvikla metodar og la grunnlaget for det som i dag er ei rekkje gode brukarhistorier frå pilotområda. Ein viktig tanke bak pilotprosjektet for marine grunnkart er at desse dataa skal gje kommunane og lokalsamfunn ressursar og kunnskap om eigne forutsetningar i møte med næringsinteresser og statlege etatar, slik at eit felles kunnskapsgrunnlag vil gje færre konflikhtar.

Det er gevinstar å hente ved å kartleggje kysten med marine grunnkart. Regjeringa er oppteken av at statlege investeringar skal kome fellesskapet til gode, og vi held tempoet oppe i gjennomgangen av teknologibruken og effektane. Samstundes er det viktig å bruke naudsynt tid for å gjere gode avgjerder.

Kommunal- og distriktsdepartementet følgjer effektane av pilotprosjektet nøye. Vi har og dialog med andre relevante departement for å sjå kva som er rett veg vidare.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, reading "Sigbjørn Gjelsvik". The signature is written in a cursive style with a blue color.

Sigbjørn Gjelsvik





